

KULTURDEPARTEMENTET SIN NYNORSKPRIS FOR JOURNALISTAR

Årsrapport 2016



Dag og Tid-journalisten, TV2-profilen og debattanten Jon Hustad fekk denne prisen for 2016. Juryen meiner Hustad er ein uredd journalist som baserer seg på fakta og grundige undersøkingar når han utfordrar det politisk korrekte og stille spørsmål ved etablerte sanningar.

- Hustad er ein kunnskapsbasert kranglefant som brukar ein god og levande nynorsk for å fremje sakene og meiningane sine, heiter det i grunngjevinga frå juryen.

Prisen på 50.000 kroner, diplom og eit trykk av Oddvar Torsheim vart delt ut under Dei nynorske festspela i Ørsta 24. juni.

Magni Øvrebotten

24.08.2016

KULTURDEPARTEMENTET SIN NYNORSKPRIS FOR JOURNALISTAR

Årsrapport 2016



Folke djupet sin velutdanna talsmann

– Hustad har skarpe analysar, ein skarp penn – og ei skarp tunge. Han kan oppfattast som ein rabulist, men tek ofte rolla som folke djupet sin velutdanna talsmann, sa leiaren for juryen, Håkon Haugsbø, då han overrekte prisen til Hustad. - Prisen kom totalt uventa på meg. Eg har oppfatta nynorskrørsla som ikkje alltid like glad i folk som meg. Men eg er glad for prisen, sa Hustad i takketalen.

I grunngjevinga skriv juryen at "Hustad er stødig i framføringa både i skrift og tale, og brukar nynorsk på ein måte som syner at målforma ikkje berre eignar seg til nasjonalromantikk og lyrikk, men også til meiningsbryting og tung tids tale».

Tilgjeving for bokmål

Hovudvekta av artiklane hans er på nynorsk. Men Jon Hustad legg ikkje skjul på at han har gjeve ut tre bøker på bokmål. Han har også nytta bokmål i fleire artiklar som journalist.

-Juryen har drøfta det paradoksale i «bokmålssyndaren» Jon Hustad. Men vi kom fram til at han er konsekvent, og at han som forfattar berre nyttar bokmål når eit forlag ber han om det. Dessutan gjev han sjølv uttrykk for at nynorsk har blitt ein del av identiteten hans, sa juryleiar Håkon Haugsbø.

Etter at Hustad hadde motteke prisen vart han intervjuet av Håkon Haugsbø, for at publikum skulle bli meir kjende med prisvinnaren og kva han står for. Dette var nytt av året, og takketalen var difor kort for å ikkje tømme alle poenga før intervjuet.

Jon Hustad vart minna om då han for fire år sidan skreiv det fyrste gjesteinnlegget sitt i Bergens Tidende, på bokmål. Det skapte reaksjonar og han skreiv eit nytt, med tittelen "Du skal ikkje ha andre gudar enn Ivar Aasen". Der peika han på at når bokmålsfolk skriv nynorsk får dei prisar av målrørsla, men skriv nynorskfolk bokmål får dei kjeft. "Frå no av skal eg halde meg på den smale vegen. Det er grenser for kor mykje kjeft ein stakkar kan tola. Men då vil eg ha ein pris i byte", skreiv Hustad.

- Ein kulturforskar sa til meg at eg berre kunne gløyme ein kvar nynorskpris etter artikkelen i Bergens Tidende. Han tok feil, sa Hustad under seansen i Ivar Aasen-tunet. – For meg er nynorsk fyrst og fremst eit verktøy. Eg skriv betre på nynorsk enn på bokmål, og nynorsk er ein del av identiteten min, la han til.

- Blir det lettare for deg å halde deg på den smale stien no? spurde Haugsbø.

-Ja. Det kan vere eg skriv ei bok til på bokmål. Men elles kjem det ikkje meir på bokmål frå meg.

Håkon Haugsbø konkluderte med at Jon Hustad har vore på ei identitetsreise dei siste åra. - Han er ein verdig vinnar av prisen, og ein god ambassadør for nynorsken, sa leiaren for juryen.

21 framlegg



Det kom inn 21 framlegg om 19 namn til prisen for 2016. I juryen er Håkon Haugsbø, Oslo, leiar. Han er til dagleg kommunikasjonssjef i Kirkens Nødhjelp. Han har med seg forfattar/journalist Agnes Ravatn, Valevåg, og redaktør Svend Arne Vee, Firdaposten i Florø. Ravatn er kollega med Hustad i Dag og Tid og difor deltok ikkje ho i den avgjerande runda om han skulle få prisen eller ikkje.

Juryen sende ut denne pressemeldinga etter møte i Bergen 2. mai:

TV2-profilen, Dag og Tid-journalisten og debattanten Jon Hustad får Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar for 2016.

Om prisvinnaren seier juryen at Jon Hustad er ein uredde journalist som baserer seg på fakta og grundige undersøkingar når han vågar å utfordre det politiske korrekte

og stille spørsmål ved etablerte sanningar. Hustad har markert seg som ei kritisk og viktig røyst i den norske samfunnsdebatten, både i avis, på TV og i sosiale medier.

Hustad sjølv hadde ikkje rekna med å få ein målpris:

- Eg er veldig glad, men også veldig forundra. Eg har alltid oppfatta nynorskrørsla å vere langt til venstre i det politiske landskapet. Der er ikkje eg. Difor hadde eg ikkje rekna med å få ein slik pris. Men eg takkar ja med begge hender, seier Hustad.

Juryen omtalar i grunngjevinga si Hustad som ein kunnskapsbasert kranglefant som brukar eit godt og levande nynorsk for å fremje sakene og meiningane sine. «Han er stødig i framføringa både i skrift og tale, og brukar nynorsk på ein måte som syner at målforma ikkje berre eignar seg til nasjonalromantikk og lyrikk, men også til meiningsbryting og "tung tids tale», som det heiter i grunngjevinga.

«Hustad har skarpe analyser, ein skarp penn - og ei skarp tunge. Han kan oppfattast som ein rabulist, men han inntek ofte rolla som folkedjupet sin velutdanna talsmann», skriv juryen.

Jon Hustad svarar slik på omtalen:

- Å vere reaksjonær no for tida er så slitsomt at til og med eg framstår som moderat.

Kort om Jon Hustad

Han er fødd i 1968 og kjem frå Hjørundfjorden i Ørsta, busett i Asker. Hustad har hovudfag i historie frå Universitetet i Oslo.

Jon Hustad har vore journalist i Klassekampen, forskingsredaktør i Morgenbladet og journalist i Dag og Tid sidan 2007. Han har gjeve ut åtte bøker. Hustad var programleiar for aktualitetsprogrammet *Harde fakta* på TV 2, saman med Elin Ørjasæter, og sidan 2015 har han vore fast deltakar i debattprogrammet *Underhuset* i TV 2 Nyhetskanalen.